

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deres referanse:

202008885Dato: **29.02.2024**Saksnr.: **2024/12945**Dok.nr.: **2**

Saksbehandler:

Steinar Eldøy

**Høyringsak - Vindafjord kommune - redusere minste slukeevne i
Vågååna kraftverk - høyring av søknad**

Vi syner til høyringa av søknad frå Småkraft AS om løyve til å redusere minste slukeevne i Vågååna kraftverk i Vindafjord kommune.

Slik vi oppfattar søknaden, er det snakk om ei mindre reguleringsendring ved at slukeevna blir redusert frå 110 l/s til 30 l/s, noko som vil gje ein ekstra kraftproduksjon på 0,25 GWh. Det vil kunne føre til at talet på dagar med minstevassføring på 30 l/s vil kunne bli 182 dagar i tørre år og 52 dagar i våte år, mens tilsvarande tal med dagens slukeevne er 20 dagar i tørre år og 89 dagar i våte år. Endringa vil ikkje medføre fysiske tiltak i vassdraget.

Det føreligg noko avgrensa med informasjon om miljøtilstanden i vassdraget, og det er lite informasjon om naturmangfald i og langs Vågååna. I vass-nett er Vågååna nedstrøms inntak Vågååna kraftverk ført opp som eit eige vassområde med vassførekomstID 038-103-R. Den er oppgitt å ha god økologisk tilstand, og den vil nå miljømålet i gjeldande planperiode for den regionale vassforvaltingsplanen (2022-2027). Sjølv om det er lite informasjon om miljøverdiar i og langs vassdraget, har vi ikkje grunnlag for å seie at den endringa det er søkt om har konsekvensar som tilseier at tiltaket ikkje bør gjennomførast. Vi vil likevel peike på at noko meir informasjon om naturtilhøva og naturmangfald i og langs vassdraget hadde vore ønskjeleg. I den samanheng har vi og merka oss at det i søknaden er sagt at vurderingane om moglege verknader av tiltaket byggjer på vegleiaren til Statens vegvesen, handbok 712 frå 2018. Tiltakshavar burde i staden ha nytta den nyare vegleiaren om konsekvensutgreiing av klima og miljø, M-1941, utarbeidd av Miljødirektoratet.

Helsing
Hege Kilhamn
fagleiar

Steinar Eldøy
spesialrådgjevar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.